

Fylkeskulturprisen 2008

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkeskulturprisen 2008 vert tildelt....
2. Prisen er på kr. 40 000 med budsjettdekning 15000310

Prenta vedlegg:

1. Brev frå forslagsstillarane med omtale av kandidatane (8)
2. Retningslinjer for fylkeskulturprisen
3. Liste over tildelingar i perioden 1980-2007
4. Framlegg på kandidatar til fylkeskulturprisen 1980-2008

Uprenta vedlegg:

1. Vedlegg til kandidat nr 8

Saksframstilling

Hovudutaval for kultur har delt ut fylkeskulturprisen kvart år sidan 1980. Kriteria for utdeling av fylkeskulturprisen er retningslinene (vedlegg 2).

Føremålet med prisen er

- å hjelpe fram kulturarbeidet i fylket
- kulturprisen kan gjevast til:
 - einskildpersonar, til lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket
 - til personar som har vist vedvarande evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats ut over det vanlege
- prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeid med å halde ved like og vidareutvikle den kulturelle mangfaldet i fylket

Ein oversikt over tildelte fylkeskulturprisar og tidlegare forslag til kandidatar ligg ved i saka (vedlegg 3 og 4).

2. INNKOMNE FORSLAG I 2008

Nedanfor vil vi liste opp dei framlegga som no er sendt inn til kulturavdelinga. Dette er forslag som er komne inn på bakgrunn av utlysing i lokalavisene. Frist for innsending var 1. november. Vi har innan fristen motteke 8 forslag på kandidatar til fylkeskulturprisen i 2008. Kandidatane er lista opp nedanfor. Forslagstillarane sin omtale følgjer som vedlegg (vedlegg 1).

Nr	Kandidat	Forslagsstillar	Omtale
1	Odd-Bjørn Hjelmeseth, Sandane	Fjellhug/ Vereide IL	Langrennsløpar med fleire NM-gull, VM-medaljar og bronse-medalje i OL Inspirator for barn og unge i distriktet
2	Ingvald Ytrehus, Svelgen	Frank Ryland	Svelgen Turn- og idrettsforening i over 40 år : styreverv, trenar, leiar, dommar og eldssjel. Verv på krinsplan i friidrett.
3	Hagevik Tøndefabrikk, Vågsøy	Martin Andreas Hagevik	Restaurering , oppgradering og vedlikehald av Tøndefabrikken
4	Bremanger Musikklag, Bremanger	Harald Lindvik	Musikklag med dugnadsånd og kreativitet.
5	Sogn og Fjordane Teater	Tore Bjarne Gamborg	Nynorsk skriftspråk og vestnorske talemåte, amatørteater, teaterbåten Innvik, born og unge m. m.
6	Musikkspilet Fiend og Elskar Fridtjovspelet	Turid Farnes	Spelet om Fridtjov's historie med musikk, kostymer og lokale skodespelarar
7	Anders Bjørkum, Årdal	Brita Lysne Kvam og Einar Kvam	Dosent og professor i norsk og har heile sitt liv arbeidd med norske dialektar og emne som står sentralt i norsk litteratur og bygdekultur
8	Egil Hjelmeland, Førde	Lin Hjelmeland Finfjord	Aktiv kulturinnsats som musikalr, komponist, forfattar, kunstnar, oppfinnar og historikar.

3. VURDERING

Sett frå fylkesdirektøren si side, har vi mange gode kandidatar i fylket til ein fylkeskulturpris, både dei som det er komme forslag på her, og andre. Prisen skal spegle det samla kulturlivet i fylket over tid, og det skal vere tale om ein uvanleg god kulturpresentasjon, men også ein inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Parallelt med å tenkje enkeltkandidat(ar), kan det også vere tenleg å tenkje kategori for val av kandidat.

Hovudutvalet står fritt til å velje ut prisvinnar uavhengig av innkomne framlegg i 2008. Såvel tidlegare innkomne framlegg som egne framlegg kan takast med i vurderingane fram til vedtak.

I budsjettet er det sett av kr 40 000 til fylkeskulturpris for 2008 (budsjettdekning 1500310). Prisvinnaren får også diplom og blomster. Fylkeskulturprisen vert delt ut på Fylkestinget i desember.

4. KONKLUSJON

Fylkesdirektøren viser til saksframstillinga og utfordrar hovudutvalet til å peike ut mottakar av fylkeskulturprisen i 2008. Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.